



Merete C. Hagewick-Samuelsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1435 - 14/11897

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

16.05.2014

Gjeld søknad om utsleppsløyve for gbnr 194/51.

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve motteke i samband med søknad om frådeling av tomt og til førehandskonferanse 12.05.2014.

Før kommune kan handsama søknaden om utsleppsløyve må det gjerast greie for følgjande:

- Storleiken på utsleppet (ei bueining bør ikkje dimensjonert for mindre enn 5 pe)
- Kva eigedomar det vert søkt om utsleppsløyve for. Dersom andre eigedomar som har utsleppsløyve i dag skal inn på leidningen må dette gjerast greie for.
- Kor mange eksisterande fellesleidning er godkjend for.
- Kor mange som er på fellesleidningen.
- Kor langt ut i sjø fellesleidningen går og kva djupne leidningen ligg på. Krav til utsleppsdjupne er minimum 10 m.
- Brukarinteresser i området, t.d. drikkevassinteresser og badeplassar.
- Plassering og storleik for slamavskiljaren. Slamavskiljaren må plasserast slik at han kan tømast innanfor den kommunale slamtømmeordninga. Dvs 100 m frå køyrbar veg og maksimum 8 m løftehøgde.
- Søknad om utsleppsløyve krev nabovarsel. I tillegg til naboeigedomar som ligg kring omsøkte tomt må også naboar i strandsona der utsleppsleidningen går ut varslast. Naboliste følgjer vedlagt.
- Dersom tiltaket går over privat eigedom må det dokumenterast løyve.

Alle private erklæringar, som løyve til å nytta fellesleidning og å leggja leidning over privat eigedom, bør utformast slik at dei kan tinglysast.

Ny søknad om utsleppsløyve med naudsynt dokumentasjon kan sendast inn som eigen søknad eller samstundes med søknad om løyve til å føra opp bustad.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

Med helsing

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

194-51 - naboliste

194-51 Grk 500

194-51 Grk 1000